



Ny kommune i indre Sunnfjord

Fylkesarkivet sin kontaktkonferanse 07.06.17

Kva oppgåve har eg fått?

- *4 kommunar blir til ein i Sunnfjord*

Korleis har eg tenkt å løyse oppgåva?

- Fortelje om det vi har gjort
- Fortelje om det som ligg framfor oss
- Gjere eit lite forsøk på å kople mot arkiv

Kvifor så tilbakeskodande? Vi skriv historie.

Eg håpar på råd...

Ynskjer å bli avbroten ☺



Kva arbeid vart gjort fram til sommaren 2016

Utgangspunkt:

Stortinget gav si tilslutning til regjeringa sitt forslag om at det skal gjennomførast ei kommunereform. Målet med reforma er å sikre

- gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- heilsakaplege og samordna samfunnsutvikling
- bærekraftige og robuste kommunar
- styrka lokaldemokrati.

Kommunen sine 4 hovudoppgåver

- **Tenesteyting**
 - Handlar om at kvalitativt gode tenester skal ytast effektivt på ein likeverdig måte
- **Myndigheitsutøving**
 - Handlar om rettstryggleiken til innbyggjarane
- **Samfunnsutvikling**
 - Denne oppgåva handlar om at kommunane skal legge til rette for positiv utvikling både for lokal- og storsamfunnet. Vidare skal planlegginga på ein heilskapleg måte ta vare på areal- og transportinteressert tilpassa klima- og miljøomsyn
- **Demokratisk arena**
 - Handlar mellom anna om at ein kommune skal vere ein aktiv politisk arena, med lokalt og levande folkestyre.

10 kriterier for god kommunestruktur

- Tilstrekkeleg kapasitet
- Relevant kompetanse
- Tilstrekkelig distanse
- Effektiv tenesteproduksjon
- Økonomisk soliditet
- Valfridom
- Funksjonelle samfunnsutviklingsområder
- Høg politisk deltaking
- Lokal politisk styring
- Lokal identitet

Årsskiftet 2014/2015

- 9 (10) kommunar i Sunnfjord og Ytre Sogn
- 5 kommunar (SiS) – Flora, Førde, Naustdal, Gaular og Jølster
- 4 kommunar («liten SiS») - Førde, Naustdal, Gaular og Jølster
- 4 kommunar (HAFS) – Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund

Utgreiingar – våren 2015

Consulting

Kommunereform Sunnfjord
Utgreiing 1: Storkommune -
utfordringar og moglegheiter


15 mai 2015
Endelig rapport



pwc Telemarksforskning

Consulting

Kommunereform Sunnfjord
Utgreiing 2: Politisk og
administrativ organisering



Consulting

Kommunereform Sunnfjord
Utgreiing 3: Analyse og
kartlegging innan økonomi




Intensjonsavtalar– våren 2015

- 10 kommunar i Sunnfjord og Ytre Sogn
- 5 kommunar (SiS) – Flora, Førde, Naustdal, Gaular og Jølster
- 4 kommunar («liten SiS») - Førde, Naustdal, Gaular og Jølster
- 4 kommunar (HAFS) – Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund

Informasjon og involvering – hausten 2015 / våren 2016


- [Puslespelet](#)
- [prosjektsjunnfjord.no](#)
- Folkemøte
- Facebook



Innbyggarundersøkingar – hausten 2015



Innbyggjarhøyring / folkerøysting – våren 2016



Kommunereform

Rådgjevande folkerøysting mars og april
2016

Jølster, Gaular, Naustdal, Flora, Hyllestad og Askvoll

Oversikt over røysteresultat

01.07.16

Gjensidige samanslåingsvedtak i kommunane Jølster, Førde, Gauldal og Naustdal



01.10.16



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Endringar frå 1. januar 2020

Vi har to prosjekt der kommunar har gjort gjensidige vedtak om samanslåing frå 2020:

- I Sunnfjord med kommunane Førde, Naustdal, Gauldalen og Jølster
- I Indre Nordfjord og Søre Sunnmøre med Hornindal og Volda i Møre og Romsdal

Vi er samde i desse vurderingane og konklusjonane og tilrår at dei vert nye kommunar frå 2020.


Vi har i tillegg to andre prosjekt der kommunane ikkje har gjort gjensidige vedtak om samanslåing, men der vi tilrår samanslåing ut frå ei fagleg vurdering, målsettinga med reforma, kriteria for god kommunestruktur og regjeringa og Stortinget sine føringar for reforma.

- I Sogn med kommunane Sogndal, Leikanger og Balestrand
- I Ytre Nordfjord med kommunane Vågsøy og Selje

8. juni 2017



Kva skjer fram mot 01.01.20



Kva skjer fram til sommaren 2017

Hovudmål

- Legge til rette for fellesnemnda som startar sitt arbeid sommaren 2017

Delmål/aktivitetar

- Starte informasjonsarbeidet mot innbyggjarane
- Starte arbeidet med kulturbygging (politisk, administrativt og mellom innbyggjarane i alle fire kommunar)
- Følgje opp kommunestyrevedtak gjort før 01.07.16
- Informasjon og involvering av dei politiske miljøa i kommunane, til dømes gjennom felles formannskapsmøte
- Starte arbeidet med harmonisering og tettare samarbeid på ulike område. Døme her er løns- og arbeidsvilkår, nivå på tenestene innanfor dei ulike sektorane, politisk og administrativ delegering mv
- Sjå på tilhøvet til regionsamarbeida i SiS og mellom SiS/ny kommune og Hafs
- Hente inn erfaringar frå andre kommunesamanslåingar
- Drøfte bruken av infrastrukturmidlar (kr 5 millionar) som Regjeringa har løyvd og evt nye tilskotsmidlar som blir løyvd i samband med kommunereforma
- Starte arbeidet opp mot dei kyrkjelege fellesråda i kommunane

Prosjekt-organisering

Organisering	
Prosjekteigar	Kommunestyra i deltakande kommunar
Prosjektansvarleg	Leiar i regionrådet for SiS, Olve Grotle
Styringsgruppe	Ordførarane Medlemmane i prosjektgruppa har tale- og forslagsrett Prosjektleiar er sekretær for styringsgruppa Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har observatørstatus
Prosjektleiar	Øystein Høyvik
Prosjektgruppe	Rådmennene Prosjektleiar 4 tillitsvalte frå hovudsamanslutningane Sekretær for SiS regionråd Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har observatørstatus
Arbeidsgrupper/ad-hocgrupper	Vert etablert etter behov
Referansegrupper	Formannskap og kommunestyre enkeltvis eller samla Tillitsvalde i den enkelte kommune Administrativt tilsette Innbyggjarane

Pågående arbeid

- Kommunestyresak knytt til Fellesnemnd
- Kommunestyresak knytt til namn
 - Jølster og Gaular
 - Førde og Naustdal
- Nettverk i regi av KMD
- Administrativt prosessnettverk

Etablering av nettverk på kommunal-/sektorleiarnivå

- Formål
 - Formalisere nettverk
 - Starte kartleggingsarbeidet
- Nettverka
 - Personal
 - Arkiv
 - Helse/omsorg
 - Oppvekst
 - Kultur
 - Teknisk
 - IKT
 - Økonomi

Døme på kartlegging som er gjort

Gjennomgang status og tiltak innan personalforvaltning i samarbeidskommunane

Nr	Kva	Førde	Gaular	Jølster	Naustdal	Tiltak	Før/etter 2020
1.	Delegering innan p-området	Hovudsak er alt delegert frå rådmann minus oppseiing/avskjed og lønsfastsetjing.	Politisk utval, Rådmann, noko er delegert til etatssjefar men ordninga er under vurdering.	Hovudsak delegert til kommunalsjef, og einingsleiar, minus oppseiing/avskjed og lønsfastsetjing.	Hovudsak ligg dette på Rådmann. Litt er delegert til seksjonsnivå. Lønsforhandlingar der er det politisk deltaking	Må avklarast kva nivå som skal ha ansvar for kva.	Før
2.	Arbeidsgjeverpolitikk	Har eigen plan	Har noko	Har eigen plan	Har noko	Må lage ein ny overordna arbeidsgjeverpolitikk med tilhøyrande dokument.	Før
3.	Lønspolitisk retningslinjer	Spesielle tilhøve: - Minsteløn leiarar - Kompetansetillegg opp til kr 20000) - Funksjonstillegg leiarar opp til kr 70000 - Funksjonstillegg skule - Rekrutterings-tillegg i div områder - Psykologar/legar har eige stige - Godtgjering HTV/HVO - Særavtalar	Spesielle tilhøve: - Kompetansetillegg opp til kr 24000. - Funksjonstillegg leiarar men lågare nivå enn Førde - Funksjonstillegg skule - Legar eige stige - Godtgjering HTV/HVO/ VO på lågare nivå enn Førde	Spesielle tilhøve: - Kompetansetillegg som Førde - Funksjonstillegg skule - Rekrutterings-tillegg i div områder - Lønstige for kap 4	Spesielle tilhøve: - Kompetansetillegg som Førde - Funksjonstillegg skule - Godtgjering VO/HTV	Må harmoniserast, men må akseptere at det vil ta tid. Sjå merknad 1 for meir informasjon. Evt særavtalar må evt etablerast.	Noko før og noko etter
4.	Arbeidsreglement	Har eige reglement	Har standard	Har standard KS	Har standard KS	Harmoniserast	Før
5.	Etiske retningslinjer	Har eige	Har eige	Nei	Nei	Harmoniserast/	Etter

Oversikt over programvare

FAGPROGRAM	Førde	Gaular	Jølster	Naustdal	Kommentar:
Visma - økonomi og personal	X	X	X	X	
Sofie – skatterekneskap	X	X	X	X	
ACOS WebSak - sak og arkivsystem	X	X	X	X	Skarpt skilje - nytte dette til evt. skifte. Brukarfokus!
ACOS WebPortal - internett	X	X	X	X	Ny profil argument for anbodsprosess. Kanskje på plass i 2019 som informasjonskanal.
Intranett SharePoint - intranett	X			X	
Politikarløysing - PDF-expert	X	X	X	X	Bør vurdere ny løysing. Kople mot arkivløysing.
Gisline - kartdata	X	X	X	X	Arbeidskrevjande å bygge ny kommune
Komtek - kommunaltekniske løysingar	X	X	X	X	Arbeidskrevjande å bygge ny kommune
RS - arbeidstid og turnusplanlegging	X		X	X	(Diskusjon om bruk av HMS i Visma)
Visma Notus - arbeidstid og turnusplanlegging		?			(Diskusjon om bruk av HMS i Visma)
Extens - administrativt system skule/barnehage	X	X	X	X	
Fronter - e-læringsplattform skule	X	?	X	X	
Vokal	X	?	X	X	
PPTHK - fagsystem for PPT	X	X	X	X	
Gerica - pleie og omsorgssystem	X			X	Behov for anbodsprosess for felles system
Cosdoc - pleie og omsorgssystem			X		Behov for anbodsprosess for felles system
Profil - pleie og omsorgssystem		X			Behov for anbodsprosess for felles system
Tieto Socio - sosialfagleg støttesystem	X	X	X	X	
Familia - barnevern	X	X	X	X	
SystemX - legesystem	X		X	X	
Infodoc Plenario - legesystem		X			
Winmed helsestasjon	X	X	X	X	
Tieto Socio Flyktning	X	?	X	X	
Gerica - fysioterapi	X				
Promed - fysioterapi		?	X	X	
Sampro - individuell plan	X	X	X	X	

- Vi grupperer no oppgåver i
 - Kva som må gjerast før 01.01.20
 - Kva bør gjerast før 01.01.20
 - Kva kan vente til etter ny kommune er etablert
 - Kva bør vente til etter 01.01.20
- Når er det aktuelt å starte opp med å vurdere endringar når det gjeld arbeids-/dag-/aktivitetstilbod?

- Styringsdokument
 - Fellesnemnda 28. juni
 - Drøfting over sommaren
 - Vedtakast i september/oktober 2017
 - Formål
 - Beskrive mål, organisering, fullmakter, gevinstar osv
 - Vil gjelde frå september/oktober 2017 til ein 1-2 år etter iverksetting av ny kommune
- Omstillingssdokument
 - Det partsamansette utvalet (PSU, jf. Inndelingslova § 26) skal lage eit omstillingssdokument som:
 - Harmoniserer ulike reglement (tilsettingsreglement, permisjonsreglement, m.m.)
 - Utarbeider ein felles lønspolitikk for alle tilsette
 - Harmoniserer lønsskilnader over tid
 - Tilbyr avgangsstimulerande tiltak til leiarar
 - Prosjektgruppa saman med personalsjefsnettverket arbeider med dette


Fleire møte 21. juni 2017

- [Invitasjon frå prosjektet](#)
- [Invitasjon frå Fylkesmannen](#)

28. juni 2017

- Fellesnemnda blir konstituert
- Dagens prosjektorganisasjon blir lagt ned

Fellesnemnd - prosjektorganisering




* deltar i styringsgruppa ved handsaming av tema som gjeld dei tilsette

Asker kommune


nyeaskerkommune.no

Styringsdokument

Prosjektorganisering



Organisering
administrative
delprosjekt



Delprosjektene rapporterer til programleder, og må koordinere sin aktivitet med de øvrige aktivitetene i programmet


Organisering delprosjekt
med behov for særskilt
koordinering




Delprosjektene organiseres med tettere dialog mellom politisk og administrativt nivå.

Delprosjektene rapporterer til programleder, og må koordinere sin aktivitet med de øvrige aktivitetene i programmet.

Organisering politiske
delprosjekt



Utvalgene rapporterer til fellesnemnda, og må koordinere sin aktivitet med de øvrige aktivitetene i programmet.



Metodikken tar utgangspunkt i prosjektveiviseren fra Difi www.prosjektveiviseren.no

- Fellesnemnda eigen arkivskapar

Effektmålene skal angi virkningene av en vellykket gjennomføring.

Tidsperspektiv, vanligvis 3-5 år.

Beskriv presist hvem som er målgruppen(e), 1-4 effektmål per målgruppe.

Bruk gjerne bidra til foran målene.

Beskriv de mål som skal realiseres i løpet av prosjektperioden, altså hvilke leveranser prosjektet er ansvarlig for å frembringe.
Vær konkret og kvantifiser gjerne.

Resultatmålene skal i sterkest mulig grad gi tillit til at effektmålene blir nådd på lengre sikt. Antall resultatmål bør være fra ett til fire.

Effektmål

Kommunen:

- Fullelektronisk på alle fagsystem og sak-/arkivsystem fra 01.01.2020
- Innsparing på 2-5 mill. årleg på papir, frankering, utvalshandsaming, areal
- Større og meir profesjonelt fagmiljø innan arkiv og dokumentasjonshandtering.
- Redusert sakshandsamingstid på 20%

Den enkelte tilsette:

- Kompetanseløft
- Høgare kvalitet på sakshandsaminga
- Redusert tid til å leite etter dokumentasjon som dei treng i arbeidet

Innbyggjarane :

- 20% kortare tid å vente på svar
- Høgare kvalitet på tenestene og kommunikasjon
- Enklare å få innsyn

Resultatmål

- Få oversyn over arkivbestanden inkludert fagsystem i dei fire kommunane.
- Lage rutiner og retningslinjer for bruk og tilgang til arkiva.
- Lage arkivplan og bevarings- og kassasjonsplan for den nye kommunen.
- Etablere felles infrastruktur for elektronisk sakshandsaming.
- Finne målepunkt for gevinstrealisering
- Opprette og vedlikehalde arkiv for fellesnemnda.

Kva råd har de å gi oss?



- Takk for meg!

